

Sak til samarbeidsutvalet

Går til: Til medlemmene i Samarbeidsutvalget i Bergen
Dato: 10.mars 2022
Sakshandsamar: Samarbeidssekretariatet(SSE)
Saka gjeld: ParkinsonNet
Saksnummer: 14/22

Bakgrunn for saka:

I oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2020 fekk dei regionale helseføretaka eit felles oppdrag om å utarbeide ein plan for nasjonal iverksetjing av ParkinsonNet. ParkinsonNet skal knytte saman fagpersonar gjennom tverrfaglege nettverk på tvers av nivå og bidra til kompetanseheving. Nettverket skal bidra til at personar med Parkinson sjukdom får betre tilgang til tverrfagleg kompetanse, nettverksmodellen er henta frå Nederland og vart i 2018-2019 prøvd ut i Rogaland og Oslo i regi av Helsedirektoratet. Om lag 500 fagpersonar har gjennomført ParkinsonNet grunnkurs i Norge i samband med utprøving i Rogaland og Oslo. Tilbakemeldingane er gode både for kurset og erfaringane med å delta i eit nettverk.

Målgruppa for Parkinson nettverket er; Logopedar, fysioterapeutar, ergoterapeutar og sjukepleiearar. Eit felles nettverk der ein både samarbeider på tvers av faggrupper, men og innad i eigne faggrupper for den enkelte profesjon.

Prosjektrapporten Plan for nasjonal iverksetjing av ParkinsonNet vart i januar 2021 godkjent av styringsgruppa for prosjektet (fagdirektørane i dei Regionale helseføretaka (RHF), brukarrepresentant og tillitsvalte). I februar 2021 vart rapporten godkjent av Administrerande direktørar i RHF-ene.

Rolla som nasjonal koordineringsfunksjon er lagt til Helse Stavanger HF, samlokalisert med kompetansemiljøet ved Nasjonal kompetansesenter for bevegelse.

Den nasjonale koordineringsfunksjonen skal bidra til at modellen ParkinsonNet vert spreidd til alle deler av landet. Målet er sjølvstendig verksemd i dei enkelte nettverksområda når struktur og kompetanse er etablert.

Den nasjonale koordineringsfunksjonen støttar nettverksområda i implementeringsfasen med:

- Koordinere samarbeidet mellom regionale koordinatorar og fagrettleiarar for å sikre heilskap i ein nasjonal implementering, samt tilstrebe nasjonal likskap i kompetanse og tilbod.
- Bistå helseregionane med kunnskap om ParkinsonNet.
- Levere ein rettleiar for implementering
- Koordinere kvalitetssikring av fagleg innhald i kurs i samarbeid med fagrettleiarar
- Sikre nasjonal tilgang til kompetansekartlegging, evalueringar, invitasjonsbrev, påmeldingslenker, rettleiar for implementering, informasjonsmateriale mm
- Ivareta nødvendig kontakt til ParkinsonNet International

Helse Bergen HF har fått i oppdrag å etablere eit nettverk i føretaksområde samt å samarbeide med Helse Førde HF slik at eit tilsvarande nettverk kjem på plass der. Helse

Bergen og Helse Førde vil samarbeide om felles lokal koordinator og oppgåva vert delt mellom dei to føretaka.

Lokal koordinator skal samarbeide med andre regionale koordinatarar samt nasjonal koordineringsfunksjon og vil ha ulike oppgåver som;

- Leie oppstart og bidra til drift av nettverk/nettverksområder i eigen helseregion
- Bidra i gjennomføring av kvalitetssikring, bl.a. utlevering og innhenting av spørreskjema frå deltakarane
- Ivareta ved behov samarbeid med fagorganisasjonar som er involvert i ParkinsonNet
- Opprette det som i regionen vert vurdert som ei hensiktsmessig implementeringsgruppe
- Systematisk brukarmedverknad skal verta ivareteke
- Informera regionalt om ParkinsonNet
- Oppretthalde og etablere kontakt med relevante institusjonar
- Samarbeid med kommunar,
- Følgje utarbeida implementeringsrettleiar med detaljert oppsett for planlegging og gjennomføring av grunnkurs. Vurdere behov for tal grunnkurs, hyppighet og lokalisasjon for desse.
- Koordinere gjennomføringa av fagsamlingane for fagpersonar
- Bidra i å rekruttere fagpersonar og potensielle fagrettleiarar

Eit ParkinsonNet område forutset å ha tilknytning til ein nevrologisk klinikk. Tilknytning til miljø med spesialistkompetanse er naudsynt for å kunne gje opplæring og rettleiing for deltakarane i nettverket..

For meir informasjon:

www.parkinson.no

Prosess før oppstart:

Lokal koordinator er klar og Helse Bergen og Helse Førde er i gang med planlegging av oppstart av nettverket.

Det er på plass 4 fagkontaktar i Nevrologisk klinikk. Dette er rettleiarar innan dei fire fagområda (ergoterapeutar, logopedar, fysioterapeutar og sjukepleiarar). Dette er nøkkelpersonar som vert regionale rettleiarar for sitt fag.

Kommunane har fått invitasjon til å delta i nettverket. I nettverket vil ein få auka kompetanse, lettare få rettleiing og råd frå spesialisthelsetenesta eller frå andre i nettverket som har den kompetansen ein treng i ulike saker. Td kan ein logoped i ein kommune ta kontakt med kontaktpersonen (logoped) i spesialisthelsetenesta eller vende seg til andre logopedar i føretaksområdet.

Deltakarane i nettverket vil få grunnkurs (med fagleg tilnærming, fysisk/digitalt), 3 fagsamlingar årleg og deltaking i eit nettverk. På grunnkurset som går over 2 dagar arbeider ein både innafor eige fagområde, men og på tvers av dei 4 fagområda (td med case).

Det er laga [nettside](#) med oversikt over fagpersonar i dei nettverka som alt er på plass og tilsvarande nettverkside vil verta laga for Helse Bergen og Helse Førde sine føretaksområde.

Er ein deltakar i nettverket vert ein ressursperson som kan kontaktast av kollegaer, pasientar og pårørande. Det er frivillig om ein vil kunne kontaktast direkte eller at det går via kommune eller spesialisthelsetenesta.

Det er frivillig å delta i nettverket og kommunane kan velje sjølv kor mange dei ønskjer å ha med. Det er mogeleg å ha deltakarar med frå alle faggruppene eller for enkelte faggrupper.

Planlagt oppstart på Vestlandet (Helse Bergen og Førde)

- Grunnkurs 2 dagar i veke 14, onsdag 06.04 og torsdag 07.04.
- Deltakara er ergoterapeutar, fysioterapeutar, logopedar og sjukepleiar. Dei kan være tilsett på sjukehus, kommunal, privat eller på rehabiliteringstenesta
- Det vart i Administrativt møte 17.02.22 tilrådd å sende ut invitasjon til kommunane før SU/SR runden grunna tidsfrist. Invitasjon vart sendt til postmottak i kommunane 21.02.22.
- Eige påmeldingsside

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalget i Bergen tek saka til orientering.